



# Styrets årsmelding for år 2008

## Datert 20. februar 2009

Styrets sak 02 -2009

### Del I:

Årsmelding

### Del II:

Årsrekneskap 2008, balanse 31.12.08

Budsjett 2009

Økonomiplan 2009 – 2012

### Del III:

Revisjonsmelding

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bankkonto</b>	<b>Organisasjonsnr.</b>
SUM IKS, Boks 349	Einestølen	57 72 41 50	3760 10 20069	NO 970.921.915 mva
6802 Førde	Førde	<b>Telefaks</b>	<b>Postgirokonto</b>	<b>WEB</b>
		57 72 41 59		www.sum.sf.no

Interkomm. renovasjon: Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster, Naustdal

E:\Årsmeldingar 2008\Styrets årsmelding 2008 dat 20.feb.08 med signatur og revisjonsmelding.doc



Del I Årsmelding .....	4
1. Utviklinga i SUM 1993 – 2008, oppsummering .....	4
Investeringane opp gjennom åra i grove trekk .....	8
2. Myndighetssignal og bindande vedtak, forurensingslova og forskrifter. ....	8
3. Eigartilhøve og eigarane si målsetjing med SUM. ....	9
Frå Selskapsavtalen: .....	9
Representantskapet m. personleg vara perioden 2008-2012: .....	10
Styremedlemmer m. personlege varamedlemmer, perioden 2008 - 2012 .....	10
Klageutvalet 2008-2012: .....	11
4. Avtaler mellom eigarane og SUM .....	11
Kommunale forskrifter .....	11
SUMs oppdrag på vegne av eigarkommunane: .....	11
Driftsavtaler, til dømes gjenvinningsstasjonar .....	11
5. Avfallsbeholdarar etter oppteljing / gjennomgang .....	12
6. Kommunalt næringsavfall, lovleg direktetildeling innan ramma av Forskrift om offentlige anskaffelser. ....	12
7. Kontrakter 2008 – 2013 (-2014-2015).....	13
8. Utvikling dei neste åra .....	13
9. Utfordringar og løysing .....	14
Deponiforbod nedbrytbart frå 2009 .....	14
Kompostering kloakkslam utav fyllinga.....	14
Plast .....	14
Matavfall - kompostering .....	15
Matavfall - utråtning .....	15
10. Anlegg og bygningar, utstyr-maskiner .....	16
11. Dunkregistrering, evt. bruk av oblat eller databrikker .....	16
12. Utstyr for ”knusing” av treverk og for nedmaling av møblar og liknande som skal til energigjenvinning frå 2009.....	17
13. Mannskap .....	17
14. Særskilte problemstillingar; Manglande avfallslysingar for næringsdrivande – Regelstridig levering til returpunkt og hyttecontainerar .....	17
15. SUM ønskjer samarbeid og kan tilby løysingar når andre avfallsaktørar ønskjer det .....	18
16. Informasjon.....	18
17. Opplæring - kompetanseheving .....	18
18. Styrets vurdering – oppsummering.....	18
19. Statistikk.....	20
Plassert på Hesjedalen avfallsplass/ deponiet frå opning 01.06.97. Tonn .....	20
Farleg avfall container, PCB-vindu, batteri og CCA-impregnert 2000 – 2008. Tonn .....	21
Tonn innhenta farleg avfall i SUM systemet, eks blybatteri .....	21
Emballasje/drikkeglas og metallboksar: Innsamla i SUM kommunane. Tonn .....	21
Papir: Innsamla i SUM kommunane. ....	22
Restavfall renovasjonsbilane innsamla av Retura Vest/RenoNorge – RenoNorden .....	22
Utveging energigjenningsvarer 2003 - 2008, tonn .....	22
Tonnasje og antal vegingar innom SUM-vekta 2003 -2008.....	22
Hushaldningsavfall, gjenvinning 2008; 95%: .....	22
Del II .....	23
Årsrekneskap 2008, balanse 31.12.08, økonomiplan 2009-2012 .....	23
Kommentarar til rekneskapen for 2008.....	24
Resultat 2008 mot budsjett og fjorårets resultat .....	25
Balanse 31.12.08 med notar .....	26
Notar .....	27
Budsjett 2009.....	29
Økonomiplan 2009-2012.....	31
Del III Revisjonsmelding .....	34

# Del I Årsmelding

## 1. Utviklinga i SUM 1993 – 2008, oppsummering

### 1993:

SUM vart skipa i mai 1993.

### 1994:

Frå våren – sommaren kom SUM i gang med aktivitetane. Renovasjonstransporten i medlemskommunane vart overteken, dunkane (restavfall og papir) vart utplassert om sommaren, gjenbruksstasjonscontainerane vart utplassert på hausten.

### 1995:

Det vart klart at avfallsplassen Løkingsmyra ville bli avvikla, jf. eigne notat og drøftingar med Fylkesmannen. Den tidlegare plannemnda hadde allereie tidleg på 90-talet valt Hesjedalen som framtidig deponi – etter vurderingar av 40-50 alternativ. Etter detaljplanlegging, kom bygginga av Hesjedalen i gang på hausten.

### 1996:

Fylkesmannen inviterte til utanlands synfaring av komposteringsanlegg: Mange meinte at kompostering av ”maten” var framtidsløysinga.

I Florø starta dei bygging av komposteringsanlegg, mellom anna som følgje av statleg tilskot. Anlegget fungerte aldri etter føresetnadane.

Fleire andre stader vart dei også starta bygging av tilsvarande anlegg, Kristiansand bygde det største

Bygging av ny gjenvinningsstasjon på Skei i Jølster

Bygging av Hesjedalen avfallsplass heldt fram

### 1997:

Hesjedalen avfallsplass samt adm.bygg og driftsbygg stod ferdig juni månad.

Etter kvart kom erfaringane frå dei som hadde bygt komposteringsanlegg; Stort sett fungerte ikkje anlegga etter føresetnadane, med følgje ytterlegare investeringar for å få anlegga i forsvarleg drift.

Mange av anlegga har hatt luktulempar.

SUM vart meir og meir tvilande til løysinga, særleg når det var tvilsam avsetning av sluttproduktet, komposten.

### 1998:

Tilbodsinnhenting viste at prisen for bygging av anlegg for våtorganisk ville ligge mellom 20 og 30 mill kr.

Saman med NOMIL vurderte vi avfallsløysingane. Det viste seg tvilsamt om utskiljing av våtorganisk ville vere rette løysinga.

Etter SUMs vurdering, ville det vere rettast å deponere også matavfallet i nokre år.

### 1999:

Etter det SUM kunne forstå, var ikkje Fylkesmannen direkte avvisande i høve til SUMs vurdering og konklusjonar med omsyn til å vente med uttak av våtorganisk avfall.

Rapportane vart sendt til SFT frå Fylkesmannen, og SUM fekk etter påtrykk frå stortingsbenken frå S & F og MD møte med SFT.

Det vart bygt ny gjenvinningsstasjon på Sande i Gaular

Prøve-kompostering av slam blanda med knust treverk kom i gang

### 2000:

Svaret frå SFT var negativt i høve SUMs vurdering.

Med bakgrunn i at SFT ikkje godtok SUMs konklusjon, skreiv fylkesmannen ut nytt løyve.. I dette vart det klargjort at det våtorganiske avfallet skulle ut.

SUM klaga på vilkåra, klaga gjekk via Fylkesmannen til SFT.

Saman med Jordforsk gjennomførte SUM eit prøveprosjekt der ein ca 1 m tjukt lag i ein nærare spesifisert utleggingsprosess vart plassert på fyllinga. Målet var å vise at det er mogleg å ta opp utlekande metan gjennom eit bio-skikt, der mikroorganismar omdannar metan /CH<sub>4</sub> til CO<sub>2</sub>. Resultatet var tillitvekkande; Rapporten viser at det er mogleg å omdanne meir av deponigassane på denne måten, enn ved å gå vegen om gass-anlegg.

Alt kloakkslam frå SUM-kommunane vart kompostert på toppen av fyllinga.

Frå haustparten vart deponiet utvida

### **2001:**

SFTs klageavgjerd låg føre i januar månad; Det våtorganiske avfallet skulle ut. Fylkesmannen fekk beskjed frå SFT om å fastsetje frist.

Etter kontakt med Stortingsbenken frå Sogn og Fjordane, og særleg stortingsrepresentant Kjell Opseth, ønskte statssekretæren i Miljøverndepartementet å ta møte hos SUM for å setje seg inn i tilhøva.

Møtet kom i stand i mai månad, med følgje at SUM fekk beskjed om at ny søknad kunne fremjast.

Ny søknad vart sendt i mai 2001.

I løpet av året, kom meldingane om dyresjukdommar i Europa: ku-galskap samt munn- og klauv-sykje. Dette førte til at smittespreiingsproblematikk (sporar / mikroorganismar) vart eit viktig tema.

BIR (Bergen) bygde sitt forbrenningsanlegg med kapasitet ca. 110.000 årstonn

Deponiutvidinga vart avslutta på vårparten

### **2002:**

Sunnfjord Energi AS ønske på nytt å vurdere om det kunne vere mogleg å bygge fobrenningsanlegg i vårt distrikt. SUM var deltakar i prosessen, som dessverre viste at det ikkje er store nok energi-brukarar i vårt område. Også avfallsmengdene – sjølv med levering frå heile fylket – vil venteleg vere for små.

I august 2002 svara SFT på søknaden SUM fremja 2001.

SFT heldt fast på tidlegare avgjerd, men opna også for at SUM i ein tidsavgrensa periode kunne går vidare med Jordforskprosjektet utan å bygge gassanlegg.

Sidan SFTs brev var sendt Fylkesmannen, følgde SUM opp muntleg og skriftleg frå september månad. Svaret frå Fylkesmannen let vente på seg.

I EU-systemet vart det grundig drøfta kva tiltak som ville vere aktuelle for å hindre smittespreiing, jamfør dyresjukdommane i 2001.

Etter kvart tyda mykje på at det ville bli stilt krav til varmebehandling av alt matavfall og komposten frå komposteringsanlegga.

SUM var inne som samtalepart i samband med at NOMIL vurderte å bygge eit biogassanlegg. Føresetnaden var at anlegget skulle ta inn blanda avfall frå hushaldningane, for deretter gjennom mekanisk kverning / utsortering å produsere brennbar gass (utråtning) som igjen skulle gi energi.

SUM vurderte etter kvart at den tenkte prosessen ikkje let seg gjennomføre innan forsvarlege økonomiske rammer. NOMIL kom seinare til same konklusjon

Det vart bygt ny gjenvinningsstasjon i Fjaler

### **2003**

Etter lang tids venting og fleire purringar – vi fekk også etter kvart møte med fylkesmannen – skriv fylkesmannen 25.04.03 ut vilkår for:

- Uttak av våtorganisk avfall
- Bygging av gassanlegg.

Det vart varsla store startmulktar, samt høg dagmulkt dersom SUM ikkje overheldt fristane:

- Våtorganisk utteke innan 01.12.03

- Gassanlegg skulle vere bygd innan 01.06.04

Det vart gitt klagerett på vedtaka.

SUM klaga ved brev datert 23.05.03

Klagen vart sendt via fylkesmannen til SFT.

12. august svara SFT; Fylkesmannens avgjerd stod ved lag.

I løpet av sommaren fekk SUM inn firma som målte gassutlekinga i ein del prøvepunkt på fyllinga, og på dette grunnlag forsøkte å estimere kva gass som kunne ventast ved bygging av anlegg.

SUM gjekk ut i EØS-området med forespørsel om bygging av gassanlegg.

SUM gjekk også ut på med "hurtigforespørsel" for å sikre at matavfallet kunne takast ut av fyllinga til 01.12.03. Fristen vart overhalden: Alt restavfall vart sendt til Nordmøre energigjenvinning der avfallet vert nytta som energi i fiskefor-produksjon. Avtalen står ved lag til 31.12.04.

Retura Fjordane AS vart skipa med SUM som eineigar. Skipinga var grunna i at SUM vann kontrakten på innsamling av EE-avfall for Elektronikkretur og Hvitevareretur, samt ønskje om eige driftsselskap. 2 bilar og mange containerar vart kjøpt.

#### **2004:**

SFT kom med sine strategivurderingar. Mellom anna skal alt brennbart / nedbrytbart avfall utav fyllingane innan år 2009. Fyllingar som ikkje tilfredsstillar krav tilsvarande dobbel botntetting, skal leggest ned seinast 2006.

Også smittespreiingsproblematikken / varmebehandling av matavfall vart nærare vurdert. I utkast til strategivurdering låg også SFT ikkje var trygg på at heimekompostering ville bli tillatt utan varmebehandling i framtida.

Gassanlegget stod ferdig innan fristen 01.06.04. Problemet er at anlegget ikkje vil gå; Det får ikkje fatt i nok brennbar metan, den "innsogne" gassen er av for dårleg kvalitet.

Dette er om lag som venta. I rapporten frå Jordforsk er oppgitt at for at mikroorganismene skal produsere metan, må dei ha temperatur og fuktigheits-tilhøve innan givne verdiar. Det kan sjå ut til at vår fylling, med god komprimering og god dekking med leirige - siltige massar, ikkje framskaffar dei optimale tilhøva.

Sjølv om sjølve gass-anlegget ser ut til å fungere etter føresetnadene, produserer ikkje fyllinga i nok metan som lar seg suge opp og brenne.

#### **Tilbuds-innhenting og vurdering sommar - haust 2004.**

I løpet av sommaren vart det sendt ut forespørsel på handtering av SUMs restavfall frå hushaldning 2005-2006-2007.

Med bakgrunn i at dei tidlegare bygde komposteringsanlegga ikkje har fungert etter forventningane, og særleg varslet om uttak av alt brennbart / nedbrytbart avfall, valde styret å be om pris på brenning med energigjenvinning.

Styret vurderte at det var usikkert kva oppgraderingskostander som ville vere aktuelle for eksisterande komposteringsanlegg med tanke på moglege krav om varmebehandling.

Fleire av verksemdene som har stått bak bygginga og teknologien i anlegga, er konkurs. Det er usikkert i kva grad anlegga vil fungere i framtida.

For SUM ville det uansett komme til ein vesentleg kostnad med innkjøp og utplassering av rundt 10.000 "bio.-dunkar".

Det har også dei 2 siste åra vore reist store spørsmål ved dunk-innsamlinga av bio-avfall; Kan dette utgjere ei smittebombe særleg på varme sommardagar?

Energien som kjem frå forbrenningsanlegg, vert rekna som 90 % "utslepps-nøytral": Det vert ikkje nytta jomfruelege ressursar under brenninga, og røykgassane er underlagt strenge utsleppskrav etter europeisk og norm.

1.juli 2004 vart Forurensingsloven endra; FORBRUKSAVFALL gikk ut, ny nemning vart HUSHALDNINGSAVFALL. Ca 30% av tidlegare monopolvare gikk inn i den nye nemninga

NÆRINGS-AVFALL som tok over for PRODUKSJONS-AVFALL. Det viste seg at endringane for SUM ikkje var store; Dei fleste næringsdrivande som tidlegare var tilknytta SUM-systemet heldt fram som abonnentar

REKOM vann anbodskonkurransen, SUM har dermed avsetningsavtale fram til og med år 2009 inkl. bruk av 2 års opsjonstid.

### **2005**

I 2005 vart det ikkje gjort store investeringar og utbyggingar.

Det vart gjort fleire vurderingar i høve SUMs framtidige aktivitet basert på realistisk miljøtenking og kva som kan ventast frå overordna organ.

Konsekvens; SUM starta planlegging av sorterings- og omlastingshall.

SUM valde å tilby Sunde Gjenvinning AS (34%)(Årdal) og SAR AS (15%) (Florø) aksjar i Retura Fjordane, dei to selskapa kjøpte seg inn.

SUM søkte om nytt driftsløyve, svaret kom først i 2008

### **2006**

Omlastings- og sorteringshallen var ute på anbudsrunde, hallen vart bygt og teken i bruk seint på hausten. Også utvendig flate for metallskrap vart opparbeidd

Etter grundig vurdering, vart det avgjort å seie opp kontraktene mellom SUM og Veolia (tidlegare Norsk Gjenvinning); Økonomibetraktningane viste at SUM kunne ha ein del å hente på å ta til dømes metallskrap i eigen regi. Også papiret kunne representere større verdi enn Veolia-kontrakten la opp til.

Etter anbudsrunder vann SAR AS inntransporten frå gjenvinningsstasjonane, returpunkta og farleg avfall; Med svært gunstig økonomisk resultat.

Olav Tenden Transport AS (Stryn) vann sorteringskontrakten på papir, også dette med gunstig økonomisk resultat i høve tidlegare Veolia-avtale.

Ny gjenvinningsstasjon i Staurdalen i Hyllestad vart bygt; Den første stasjonen for ”krokluft” (store 41 m<sup>3</sup> containerar)

### **2007**

Resultatet etter dei nye kontraktene – som vart iverksett frå og med 2007 - viste seg fort; Samla kom SUM fleire hundre tusen kroner betre ut enn ved tidlegare avtaletilhøve.

Det vart gjennomført anbudsrunde på slam og dunkrenovasjon. Kontrakten på slam gav om lag same kostnad som tidlegare. Kontrakten på renovasjon kom ut med rundt 1 mill i tilleggskostnad.

I Staurdalen – Hyllestad vart det innført løysing der også betalingsavfall kan leverast. Ordninga fungerer godt – også takka vere godt stasjonspersonell.

### **2008**

Retura Fjordane AS vart formelt avvikla, med tilbakebetalig av aksjekapital + overskot

Fylkesmannen sende nytt driftsløyve i mars månad (justert i september grunna stor auke i mottak sandblåsesand). Styret vurderte løyvet grundig, mellom anna fordi det var eit av dei først utskrivne nasjonale løyva etter nytt regelverk. Styret konkluderte med å akseptere løyvet utan vidare prøving.

Det er naturleg at styret vurderer kva som vert gjort i andre fylke, til dømes Hordaland . Dersom driftsvilkåra blir ulike, er styret budd på å vurdere saka på nytt, til dømes med omsyn til likebehandling.

Anbuds dokumentasjon på bygging av gjenvinningsstasjon i Askvoll vart sendt ut. Bygginga starta

Anbodmateriale på opparbeiding av ny slamkomposteringsplass under arbeid.

## Investeringane opp gjennom åra i grove trekk

Overtaking av frå ISR inkl. Løkingsmyra avfallsplass (1994);	9 mill
Dunkar og containerar (frå 1994 og vidare)	10 mill
Bygging veg til Einestølen (1996)	17 mill
Diverse grunnkjøp (1996)	2 mill
Bygging Hesjedalen avfallsplass (1997)	20 mill
Bygging Einestølen gjenvinningsstasjon m. adm.bygg (1997)	7 mill
Etablering og Bygging gjenvinningsstasjonar (frå 1996)	6 mill
Utviding Hesjedalen avfallsplass (2001)	6 mill
Maskiner 1994 - 2007	5 mill
Gassanlegg og omlastingsbås (2004)	2 mill
Omlastingshall (2006)	6 mill
Bygging gjenvinningstasjon i Hyllestad Diverse utstyr, m.a. containerkjøp (2007)	3 mill
Start-arbeid Einestølen etter nytt løyve. Strat ny gjenv. st. Askvoll. Utsifting hyttecont. (2008)	3 mill
<u>Samla investering pr jan 2008</u>	<u>Ca 96 mill. kroner</u>

## 2. Myndighetssignal og bindande vedtak, forurensingslova og forskrifter.

Som omtalt i førre kapittel, vart rammebetingelsane endra i 2004, då kommunane / dei interkommunale renovasjonsselskapa fekk mindre lovpålagt ”forbruksavfall” å ta seg av; Monopolavfallet ligg no kun på avfall frå vanleg hushaldning og fritidshus.

Ei mengd forskrifter vart frå juli 2004 slegne saman i 2 hovudforskrifter:

- FOR 2004-06-01 nr 930; Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall, avfallsforskriften
- FOR 2004-06-01 nr 931; Forskrift om begrensing av forurensing, forurensningsforskriften

Det er særleg Avfallsforskriften, nr 930, som har betydning for avfallsarbeidet.

Fylkesmannens løyve av mars 2008 / justert sept 2008 oppgir dette heimelsgrunnlaget, avskrift:

**Løyvet er gitt i medhald av Lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, §§ 11 og 29, jf. § 16, jf. forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kapittel 9 og forskrift om begrensing av forurensning (ureiningsforskrifta) kap. 36.**

**Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 11.7.05 samt opplysningar framkome under behandlinga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato og på dei vilkåra som er gjevne i dette dokumentet.**

SUM har løyve til drifting av anlegget på Einestølen inkludert fyllinga Hesjedalen Avfallsplass

Gjenvinningsstasjonane er ikkje inkludert i driftsløyvet, dei er etablert og drivne etter tidlegare forståelse med kommunale myndigheiter – Fylkesmannen er så vidt SUM kjenner til ikkje myndigheit i høve til etablering. Kommunane er forurensingsmyndigheit i høve stasjonsdrifta, fylkesmannen har tilsynsrett.

Fylkesmannen har også kontrollrett i høve stasjonane; Rapportar etter slike runder vert skrivne til kommunane med kopi til SUM

### 3. Eigartilhøve og eigarane si målsetjing med SUM.

#### Frå Selskapsavtalen:

##### §1 Selskapets firma og deltakarane

Selskapets firma er Sunnfjord Miljøverk IKS.

Dei deltakande kommunane er Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster og Naustdal

Andre kommunar har høve til å søkje medlemskap.

Selskapet har hovudkontor og forretningsadresse i Førde.

##### §2 Formålet med selskapet er:

Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane.

Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfall etter gjenvinning

Selskapet skal bygge og drive innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomagring og vidareending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg

Selskapet kan delta i, - til dømes ved aksjekjøp – og / eller opprette sjølvstendige selskap - til dømes aksjeselskap - som skal ivareta spesielle oppgåver som har samband med drifta.

Selskapet skal leggje særleg vekt på miljøvenlege drift i alle ledd i avfallsbehandlinga og reduksjon av avfallsmengda.

Selskapet skal gje pålegg/råd i spørsmål som gjeld renovasjon, og i nært samarbeid med kommunane informere publikum og næringsdrivande om drifta av selskapet.

Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggje vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege behandlingsmetodar.

##### §3 Selskapsleiing

Selskapet vert leia av eit representantskap og eit styre. Representantskapet er selskapet sitt øverste organ.

Medlemmene i representantskapet med personlege varamedlemmer vert valde av kommunestyra i medlemskommunane for 4 år i samsvar med den kommunale valperioden.

Medlem i styret kan ikkje vere medlem i representantskapet.

##### § 4 Representantskapet

§4.1 Representantskapet skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune har ein representant pr. 2.500 innbyggjarar. Minimumstalet på representantar frå ein kommune skal likevel vere 2 representantar uansett innbyggartal

Ein får følgjande medlemstal i høve til folketalet:

Folketal	Medl. i repr.skap
0 - 2500	2
2500 - 5000	2
5000 - 7500	3
7500 - 10000	4
10000 - 12500	5
12500 - 15000	6
15000 - 17500	7
17500 - 20000	8

Og så vidare etter same mønster

Utgangspunktet er folketalet i kommuneval-år, med basis i folketalet pr. 1.1.2004.

Folketalet og talet på medlemmer i representantskapet vert justert kvart 4. år, første gang 01.01.2008 og ved opptak av nye medlemskommunar eller ved endringar i eigarkommunane.

Folketalet og prosentdelinga er slik pr.01.01.2008 (Kjelde Statistisk Sentralbyrå m.o.t. folketal):

Kommune	Folketal	Fordeling	Medl.repr.skap
	01.01.08	%	
1413 Hyllestad	1 505	5,49	2
1428 Askvoll	3 065	11,18	2
1429 Fjaler	2 849	10,39	2
1430 Gaular	2 748	10,02	2
1431 Jølster	2 929	10,68	2
1432 Førde	11 650	42,50	5
1433 Naustdal	2 668	9,73	2
	27 414	100,00	17

\*\*\*\*\*

## §6 Styret

§ 6.1.1 Styret skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune er representert slik:

Folketal	Medl.i styret
0 -	1
10000 -	2
15000 -	3
20000 -	4

Styremedlemmene skal ha personlege varamedlemmer.

\*\*\*\*\*

## Representantskapet m. personleg vara perioden 2008-2012:

	Faste	Personleg vara
Kommune	Namn	Namn
<b>FØRDE</b>	<b>Gjerland Nils, leiar til 2010</b>	Ringstad Reidun Fattnes
<b>FØRDE</b>	Kirketeig Jorunn Kjersti Eide	Lyngstad Terje
<b>FØRDE</b>	Halvorsen Eva Marie	Råheim Roy Inge
<b>FØRDE</b>	Nøringset Norvall	Igland Stig
<b>FØRDE</b>	Taule Jan	Myklebust Åse
<b>GAULAR</b>	<b>Følling Jenny, nestleiar til 2010</b>	Skudal Eldrid
<b>GAULAR</b>	Kårstad Jonny	Aarnes Joar
<b>JØLSTER</b>	Kapstad Judith	Høyvik Audun
<b>JØLSTER</b>	Sæle Ragnhild	Flaten Jan Ove
<b>FJALER</b>	Kvamme Mette	Lammetun Norodd
<b>FJALER</b>	Vik Harald	Naustdal Ainor Fristad
<b>ASKVOLL</b>	Osland Onar	Klausen Marit
<b>ASKVOLL</b>	Landøy Linda	Aalen Oddbjørn
<b>HYLLESTAD</b>	Dale Svein Reidar	Dale Yvonne
<b>HYLLESTAD</b>	Systad Ivar	Eiken Anne Karin
<b>NAUSTDAL</b>	Birkeland Annlaug	Folkestad Arne Kjell
<b>NAUSTDAL</b>	Einevoll Are	Klopstad Kjell

## Styremedlemmer m. personlege varamedlemmer, perioden 2008 - 2012

Kommune	Fast medlem	Personleg vara
Askvoll	Steinsland Aud Kari	Melvær Frida
Førde	Vallestad Turid	Bengtsson Anna Elfrida
Førde	Haugsvær Bjørn-Harald	Hatlem Turid
Hyllestad	Soltveit Amund	Tonning Atle
Gaular	<b>Lunde Henrik, leiar til 2010</b>	Horsevik Arild
Fjaler	Hjelle Erling	Østrem Liv
Jølster	<b>Dvergsdal Gerd, nestleiar til 2010</b>	Sandal Jakob Andre
Naustdal	Kvame Harald	Grimseth Stian

Det vart halde 6 styremøte i 2008

## Klageutvalet 2008-2012:

Kommunane valde hausten 2007 klageutval for neste periode:

Kommune	Utvalsmedlem fast	Personleg vara
HYLLESTAD	SYSTADDAL UNNI	ATTERÅS HEIDI
FØRDE	LANDRO SIW	HAUG KARL ØYSTEIN
FØRDE	HEGRENES NORVALD	GAUSTAD BENTE
GAULAR	LUNDE SVEINUNG	SOLHEIM HARALD
JØLSTER	GJESDAL SVERRE	STØYLEN JANNE KARIN
FJALER	LAMMETUN NORODD	KVANGARSNES HOGNE
ASKVOLL	ERIKSTAD JOSTEIN	KLAUSEN OLE ANDRE
NAUSTDAL	THINGNES OLE ERIK	LEIKANGER VIGGO

Utvalet konstituerte seg på møte 8. februar 2008, og valde:

Leiar Jostein Erikstad

Nestleiar Siw Landro

I 2008 var der ikkje klagesaker til behandling i utvalet.

## 4. Avtaler mellom eigarane og SUM

### Kommunale forskrifter

Eigarkommunane har likelydande forskrift for renovasjon og slam, inkludert gebyrforskrift. Den felles forståelsen av oppdraget, som omfattar kommunal renovasjon og slamhandtering, gir SUMs styrande organ svært ryddige styringstilhøve.

Likelydande styringsgrunnlag gir også ryddig praktiseringsgrunnlag.

### SUMs oppdrag på vegne av eigarkommunane:

- Gjennomføre all innsamling av hushaldningsavfall i kommunane, ref Forurensningsloven §30, jamfør § 34, enten sjølv eller gjennom avtaler med aktuelle entreprenørar.
- Syte for at alle abonnentane har det utstyret som skal til for å gjennomføre kjeldesortering og innsamling i henteordningar
- Syte for alt nødvendig oppsamlingsutstyr på returpunkt, til dømes utplasserte containerar for emballasjeglase og hytteavfall. Avfallsinnsamling frå desse punkta enten sjølv eller gjennom avtaler
- Bygge ut og drifte gjenvinningsstasjonane enten sjølv eller gjennom avtaler
- Syte for alt nødvendig oppsamlingsutstyr på gjenvinningsstasjonane, til dømes utplasserte containerar for emballasjeglase og hytteavfall. Avfallsinnsamling frå desse punkta enten sjølv eller gjennom avtaler
- Hente alt rettmessig levert avfall frå gjenvinningsstasjonane og sikre korrekt gjenvinning og/eller sluttbehandling, enten sjølv eller gjennom avtaler

### Driftsavtaler, til dømes gjenvinningsstasjonar

I juli 2008 er det den enkelte eigarkommune som driftar stasjonane etter skriftleg avtale.

Også andre enn eigarkommunane kan drifte stasjonane, blir dette aktuelt vert stoda drøfta med aktuell kommune før avgjerd.

Pr 2008 har enkeltkommunane arbeidet med registrering av nye abonnentar og innkrevjing av gebyr i medhald av Forurensningslova § 34. I medhald av renovasjonsforskrifta, kan det avtalast at SUM overtek denne jobben. Spørsmålet har vore drøfta, så langt er konklusjonen at det er mest naturleg at kommunane har oppgåva og samkjører med andre innkrevjingar

Operatørane på gjenvinningsstasjonane vert årleg invitert til gjennomgang hos SUM på Einestølen. Ein del svært viktige moment er alltid med på gjennomgangen:

- Operatørane skal alltid rettleie den leverande ved innkjøring
- Operatøren skal ikkje delta i kundens sortering, med unntak når nokon har særskilt behov
- Operatøren skal påsjå at kun lovleg gjenvinningsstasjonsvare vert levert; Prøver nokon å levere vare som ikkje inngår i mottaksløytet på stasjonen, skal vedkommande avvisast på korrekt og bestemt måte

- Kommunalt næringsavfall skal aldri takast mot på stasjonen; Unntaket er Hyllestad som har betalingsordning. Det blir betalingsordning også i Askvoll – når ny stasjon er ferdig januar 2009
- SUM er ikkje operatørens arbeidsgivar, personalansvaret ligg på kommunen
- Avviksrapportering skal gå gjennom det kommunale systemet
- Når det er behov for særslikte klede og SUM-merking, skaffar SUM desse effektane

## 5. Avfallsbeholdarar etter oppteljing / gjennomgang

GRÅ (Restavfall)	Fastbuande 2007	Hytte 2007	Tot 2007	Fastbuande januar 2009	Hytte januar 2009	Tot januar 2009	Endring 2007 - 2009	
Naustdal	936	14	950	991	17	1008	57	Dunkar er vekta slik:
Askvoll	1 246	48	1294	1 191	45	1236	-57	140 liter =1
Hyllestad	825	26	851	765	26	791	-60	240 liter =1,71
Fjaler	1 251	32	1283	1 296	29	1325	42	660 liter = 4,71
Gaular	1076	27	1103	1007	14	1021	-82	hytte = 0,25
Jølster	1 214	54	1268	1 173	32	1205	-63	
Førde	4 817	17	4834	4 942	19	4961	127	
<b>SUM</b>	<b>11 364</b>	<b>219</b>	<b>11 584</b>	<b>11 366</b>	<b>182</b>	<b>11 548</b>	<b>-36</b>	

Blå (Papiravfall)	2007	Tot 2007	Januar 2009'	Tot januar 2009	Endring 2007 - 2009
Naustdal	951	951	973	973	22
Askvoll	1 116	1 116	1 156	1156	39
Hyllestad	673	673	681	681	8
Fjaler	1 142	1 142	1 133	1133	-9
Gaular	1 137	1 137	1 076	1076	-61
Jølster	1 110	1 110	1 153	1153	42
Førde	4 520	4 520	4 614	4614	94
<b>SUM</b>	<b>10 650</b>	<b>0</b>	<b>10 650</b>	<b>10 786</b>	<b>136</b>

Nye containere utplassert på oppsamlingsplasser for hytteavfall ikkje medtekne.

## 6. Kommunalt næringsavfall, lovleg direktetildeling innan ramma av Forskrift om offentlige anskaffelser.

Det har vore reist spørsmål til om heile kommunens avfall skal reknast inn når kommunen ber om tilbod på varer og tenester.

Undersøkingane tyder på at kommunens enkelte einingar kan stå som sjølvstendig bestillar, til dømes den enkelte skule eller sjukeheim; Utan at heile kommunens tenestekjøp innan avfallsområdet skal reknast inn.

Det offentlege har generell plikt til å kjøpe konkurransedyktige tenester innan avfall, dermed bør kommunens enkelte einingar vurdere tenesteomfang og kostnad ved kjøp av avfallstenester.

I SUM-kommunane generelt, skal det mykje til at nokon kan konkurrere med dei vanlege avfallsrutene for hushaldningsavfall.

Då regelverket vart endra i 2004, og til dømes skular og sjukeheimar vart definert som næringer i avfallssamheng, var dette temaet drøfta. Myndighetene hadde ikkje merknad til (tilrådde) at renovasjonstransportane frå desse overnemnde einingar kunne takast inn på hushaldningsavfallstransportane.

I medhald av Forskrift om offentlige anskaffelser, har den enkelte kommunale eining moglegheit til å kjøpe tenester for opp til kr 500.000 utan å legge ut forespørsel på DOFFIN; Sjølvstøtt etter å ha vurdert om innkjøpet er det "økonomisk mest fordelaktige".

## 7. Kontrakter 2008 – 2013 (-2014-2015)

### Dagens status avfallsbehandling i SUM inkludert gjeldande avtaler med eksterne partar

Det er i kap 1 gjort greie for status i avfallhandteringa fram til 2008. Her følgjer oppstilling over aktuelle eksterne avtaler:

Tidsmessig nummerering	Avtalen gjeld	Avtalepartnar	Kontaktperson SUM, kontraktsansvarleg	Tidsrom	Ny anbudsrunde Parantes; Dersom opsjon vert nytta
<b>1</b> Frist for opsjonsvarsling	<b>Energigjenvinning restavfall</b>	REKOM AS, Bergen	Driftsleiar Bu / dagleg leiar Grepstad	2005-2007 + opsjon 1+1	(2009)
<b>2a</b> <b>30.06.09</b>	<b>Innkjøring frå SUMs gjenvinningsstasjonar</b>	SAR AS, Florø	Driftsleiar Solheimsnes	2007-2009 + opsjon 1+1	2009 (2010,2011)
<b>2b</b> <b>30.06.09</b>	<b>Henting spesialavfall – farleg avfall på gjenvinningsstasjonane og verksemdar (etter innmelding) samt årleg henterunde</b>	SAR AS, Florø	Driftsleiar Solheimsnes	2007-2009 + opsjon 1+1	2009 (2010,2011)
<b>2c</b> <b>30.06.09</b>	<b>Tøming av glas og metall frå returpunkt</b>	SAR AS, Florø	Driftsleiar Solheimsnes	2007- 2009 + opsjon 1+1	2009 (2010,2011)
<b>2d</b> <b>30.06.09</b>	<b>Sortering papir</b>	Tenden Container og Gjenvinning AS, Stryn	Driftsleiar Bu	2007- 2009 + opsjon 1+1	2009 (2010,2011)
<b>3</b> <b>30.06.12</b>	<b>Tøming av avfallbeholdningar, vanleg renovasjon</b>	Reno Norge AS, avd. Førde	Driftsleiar Solheimsnes	2008-2012 + opsjon 1+1	2012 (2013,2014)
<b>4</b> <b>30.06.13</b>	<b>Tøming av slamavskillarar og tette tankar</b>	Miljøservice AS, Stryn og Johnny Birkeland Transport AS, Dalsøyra	Økonomisjef Øvretveit	2008-2013 + opsjon 1+1	2013 (2014,2015)

**1** Tidleg 2009 må det utarbeidast anbodsmateriale for avfall til energigjenvinning

**2a-b-c-d:** Seinhaustes 2009 og tidleg 2010 må det utarbeidast anbodsmateriale for henting gjenv.stasj., farleg avfall, returpunkt, papir; I tilfelle opsjon skal nyttast må dette formelt varslast seinast **30.06.09**

**3** Seinhaustes 2011 og tidleg 2012 må det utarbeidast anbodsmateriale for dunkrenovasjon; I tilfelle opsjon skal nyttast må dette formelt varslast seinast **30.06.12**

**4** Seinhaustes 2012 og tidleg 2013 må det utarbeidast anbodsmateriale for dunkrenovasjon; I tilfelle opsjon skal nyttast må dette formelt varslast seinast **30.06.13**

## 8. Utvikling dei neste åra

Formålet med selskapet ligg i Selskapsavtalen, inntekte ovanfor

SUMs viktigaste oppgåve er å tilby abonnentane korrekt avfallsløysing basert på:

- Kontinuerleg oppdatering på kva avfallsalternativ som finst
- Kritisk vurdering av metodikk og løysing med sikte på god ressursbruk og forsvarleg utslepp til luft-jord-vatn
- Systematisk informasjon til alle abonnentane ved bruk av info-blad, annonser og internett / elektroniske løysingar, svar på telefon-spørsmål og ved personlege kontakter

SUM bidrar til avfallskunnskap både hos abonnentane, næringslivet og samfunnet generelt. Ordinære informasjonsskanalar vert nytta, i tillegg til å stille opp i debattar.

SUM syter for at tilsette og styret er godt oppdatert og i stand til å gjere dei nødvendige kritisk vurderingane. Deltaking i faglege konferansar, besøk på aktuelle anlegg og deltaking på fagmesser er viktige element i kompetansebygginga

Når og dersom eigarkommunane ønskjer det, stiller SUM med avfallkompetanse som enten finst i selskapet eller som gode nettverk kan framskaffe. Selskapet har mange kanalar som kan brukast, mellom anna i samarbeidet Avfall Norge og KS Bedrift

SUM har godt tilhøve til granneselskap, og har lett tilgjenge til kompetansepersonellet som finst i til dømes renovasjonsselskapet for Bergensregionen, BIR AS, eit av landets største interkommunale avfallsselskap

## 9. Utfordringar og løysing

I kapitla framfor, er kjende utfordringar og løysingar beskrivne.

### Deponiforbod nedbrytbart frå 2009

I 2009 vert det innført forbod mot deponering av nedbrytbart avfall. SUM har innretta seg på dette over lang tid:

- Om lag alt hushaldningsavfall (ca 95%) går til gjenvinning enten ved forbrenning med energigjenvinning eller ved materialgjenvinning
- Det er bygt sorteringshall der innkommande avfall vert sortert for dei rette gjenvinningsfraksjonane

Fram til juli 2009 må mykje av næringsavfallet som i dag vert deponert, også styrast mot gjenvinning. I utgangspunktet er det næringane sjølv som skal finne løysingar når deponitida tar slutt, men SUM kan tilby sin kompetanse på kommersielle vilkår.

### Kompostering kloakkslam utav fyllinga

Frå 2009 må SUM legge om komposteringa av kloakkslam på toppen av fyllinga. Det blir laga anbodsmateriale der området vest for deponiet vert planlagt klargjort for komposteringsprosessen. Område i storleik 5.000 – 10.000 m<sup>2</sup> blir tilrettelagt.

Omlegginga frigjer mykje deponivolum på toppen av fyllinga. Dette vil føre til at vidare utviding av deponiet ikkje hastar, det kan ta fleire år før behov for ytterlegare deponivolum oppstår.

Det er kjent at deponiforbodet kan føre til for lite behandlingsskapitet. SUM er gjennom kontrakta med REKOM sikra ut 2009, men 2010 og vidare er uviss.

I eit ”vestlandssamarbeid” er det utarbeidd anbodsmateriale for tida frå og med 2010: Det er viktig ikkje å vere for tidleg med forespørselen fordi det er kjent at fleire energigjenvinningsanlegg er under utbygging. SFT opna i 2008 for overgangsordning slik at det kan bli aktuelt å søkje vidare deponeringsløve på nedbrytbart avfall, fram til 2013.

Det er kravd at SUM rensar sigevatnet frå hausten 2009, ref løyvet frå Fylkesmannen mars 2008. SUM har avtale med COWI som i første omgang har presentert løysingsplan, ref Fylkesmannens løyve. Deretter må detaljane utformast, og anbodsrunde må gjennomførast.

Nokre avfallsfraksjonar vert følgd nøye opp:

## Plast

### Næring

Etter dei opplysningar ein kan hente frå internett, er der forsvarlege løysingar på gjenvinning av næringslivsplast. SUM har førebels ikkje engasjert seg for å få fatt i dette. Men det vart i 2006 gjort vurdering på å evt. kjøpe ballepresse. Gjennomgang på volum og kostnad viste at det ikkje var forsvarleg å kjøpe inn presse til 1-1,5 mill for den relativt små tonnasje som kunne vere tilgjengeleg (sjølv om det vart sett på kombinasjonen med papp)

### Hushaldning

Det er også gjort mange vurderingar på særskilt innsamling av emballasjeplast.

Så langt har ikkje styret funne at miljø-effekten forsvarar iverstetjing av særskilt utskiljing og innsamling. Styret har merka seg;

- Det synest ikkje som om Norge har materialgjenvinningskapasitet
- Plasten har gått til Sverige, høvesvis mykje avvik grunna urein vare. Resultat enten energigjenvinnig eller deponering
- Det ser ut til at innsamla plast no skal gå til gjenvinningsanlegg i Tyskland

Omgrepet ”kortreist” er viktig for å redusere miljøulempene på transport. Det ser no ut til at plast som gjenvinningsvare blir meir og meir ”langreist”. Sjølv om materialgjenvinning isolert sett kan gi betydeleg klimavinst, må miljørekneskapen også ta med ulempene ved auka transport under innsamling, vask og reingjering (energibruk) i fleire steg, samt risikoen for at materialet vert forkasta som gjenvinningsvare når fraksjonen kjem til behandling, til dømes i Tyskland.

### **Plastretur / Grønt Punkt opplyser dette på sine heimesider:**

#### **Sortering og gjenvinning**

Grønt Punkt hadde sommeren 2008 også en tilbudskonkurranse om avsetning og gjenvinning av plastemballasjen. Foruten pris var det viktig å se på kapasitet, teknologi og materialgjenvinningsgrad.

Vi valgte to tyske anlegg: ALBA er et større tysk konsern som har spesialisert seg på husholdningsfraksjoner og en sortering ved hjelp av Titech-teknologi. Dette gir en høy materialgjenvinningsgrad og god spesifisering av sammensetningen i den norske plastemballasjen og dennes kvalitet. Det er et klart mål fra Grønt Punkt, kommuner og ikke minst gjenvinnerne, å oppnå så høy materialgjenvinningsgraden som mulig.

Så vidt styret kjenner til, ligg målet på materialgjenvinningsgrad på 55% i dei tyske anlegga. Dette synest svært beskjedent etter såpass mykje ”miljøutlegg” før materialet er framme.

Plastretur /Grønt Punkt oppgir på internettsidene at 78% av husholdningsplasten går til energigjenvinning og 22 % til materialgjenvinning.

Dei skriv også:

#### **Hva kan (material)gjenvinnes?**

I innsamlingsordningen vil vi ha ren og tørr plastemballasje fra husholdningene. Plastemballasjen skylles i kaldt vann og kan rengjøres med oppvaskbørsten. Her gjelder det å bruke sunn fornuft: er det for krevende å rengjøre emballasjen ordentlig, så gjør den bedre nytte i restavfallet.

Dette vil vi ha: poser, folie, begre, kanner, bokser og flasker av plast. Eksempelvis: Shampooflasker, kaffeposer, ostepakker, rømmebegre, vaskemiddelflasker og bæreposer

#### **Dette vil vi ikke ha:**

Plastprodukter som ikke er emballasje, f.eks. leker, hagemøbler, bøtter, hageslanger, kjøkkenredskaper og annet kan ikke leveres i returordningen for plastemballasje. Heller ikke flasker og kanner som har inneholdt oljeprodukter, ekstremt brannfarlig eller giftig avfall.

Ein skal merke seg at så lenge plasten vert levert i restavfallsdunken – alle typar plast også dei sortane som materialgjenvinninga ikkje vil ha – er miljønyttan god; Alt går til forbrenning med energigjenvinning

SUM finn det ikkje forsvarleg å starte særskilt innsamling av husholdningsplast slik stoda er no. Styret er open for å revurdere standpunktet når miljønyttan er reell.

### **Matavfall - kompostering**

Tidlegare var det bygt fleire komposteringsanlegg. I Sogn og Fjordane finst det 2, eitt i Flora og eitt i Sogndal kommune.

Alle anlegga har slite med driftsvanskar og tunge økonomiske vedlikehaldskostnader. Det har heller ikkje vore kurant å bli kvitt komposten.

Anleggsbygginga stagnerte etter 2000, no vert ingen nye reine komposteringsanlegg bygt.

### **Matavfall - utråtning**

Arvtakaren *kan* ha betre føresetnader; **Utråtninganlegga.**

Dei siste åra har fleire store anlegg av denne typen komme i drift; Til dømes Ecopro i Steinkjær der ca 50 kommunar har gått saman.

Hovudpoenget med anlegga er å produsere metan, CH<sub>4</sub>, energirik gass som kan nyttast til diverse formål. Distribusjonssystemet for metan-bruk er på veg opp, men har nok eit stykke att før det blir kommersielt godt. Likevel er dette eit positivt bidrag i klimatankegangen:

- Gassen er klimanøytral fordi den vert produsert av biologisk avfall (mat og slam) og ikkje fossilt brensel
- Gassen kan kompensere for andre energikjelder

Utråtningsanlegga gir også ut restprodukt som kan komposterast. Sidan EU og dermed Norge har innført / innfører krav til varmebehandling av kompost, kan det ventast at desse energianlegga har god evne til sikre dreping av mikroorganismane – der tradisjonelle kompostanlegg må tilføre energi.

Inntrykket er at det skal store mengder våtorganisk til for å gjere anlegg av denne typen økonomisk forsvarleg.

For SUM er det tvilsamt om det vil vere aktuelt med matavfallsutskiljing dei næraste 5 åra

## **10. Anlegg og bygningar, utstyr-maskiner**

### **Administrasjonsbygg**

Det kan gå mot at operasjonane på Einestølen krev meir arbeidskraft. I første omgang er meininga å justere litt på administrasjonsbygget under dagens tak. Poenget er å få frigitt kontor i dagens matrom og reetablere matrommet med noko betre plass.

### **Flytting av komposteringsflate; 2009.**

Omtale ovanfor

### **Rensing av sigevatn; 2009 – 2010.**

Omtale ovanfor

### **Utviding deponi; Vanskeleg å tidfeste, anslag 2015.**

Som omtalt ovanfor er det høgst usikkert kva deponia vil ta inn dei neste åra. Det kan likevel sjå ut til at noko meir ”inert vare” (daud vare i samband med utslepp til luft) enn tidlegare. I tilfelle vil større deler av eksisterande deponi bli omlagt til mottak – utan at dette krev meir botntetting

### **Gjenvinningsstasjonar**

Ovanfor er utbygginga av dagens gjenvinningsstasjonar skissert.

Av ”ny type” for store containerar er

#### **Hyllestad / Staurdalen (2006)**

på plass

#### **Askvoll / Olsetvikane (2009).**

Ferdig januar 2009

#### **Jølster / Skei (2009).**

vart bygt i 1996, og bør flyttast. Ny plassering drøfta, bygging aktuelt 2009 dersom grunnspørsmål let seg ordne

#### **Fjaler / Dale (2009-2010?)**

vart bygt i 2002, og er for trang. Også her bør ny plassering / nytt areal vurderast snarast.

#### **Gaular /Sande (2010 – 2011?).**

Vart bygt i 1999. Også denne bør ombyggast til krokløftcontainerar. Her er venteleg tilstrekkeleg reserveareal

\*\*\*\*\*

## **11. Dunkregistrering, evt. bruk av oblat eller databrikker**

Kommunane gjer arbeidet med abonnementsregistrering og dunkregistrering mot aktuell abonnent, det er skriftleg avtale på dette. Kommunane beheld ein del av gebyret som kompensasjon for arbeidet.

Over tid vil det finnast nokre dunkar i systemet som har falle ut av registreringane, la oss anta at 100 dunkar (50 papir og 50 restavfall) gjennom åra er ”borte” men framleis vert sett fram for tøming. 100 dunkar representerer om lag 0,5% av dunkmassen

I verste fall kan dette talet representere:

Rest:	Kr 1600 * 50 =	kr 80.000
Papir:	kr 185 * 50 =	kr 10.000
Summert årleg tap		kr 90.000

Kr 90.000 representerer ca. 0,46% av abonnementsinntektene.

Andre selskap innfører dataregistrering av tøming. Ei databrikke på dunken saman med vekta av avfallet matar eit dataprogram som kan nyttast til:

- Nøyaktig registrering av avfallsmengde på den enkelte abonnent
- Prisdifferensiering

Basert på egne vurderingar og erfaringane frå andre selskap, har ikkje SUM - så langt - funne det økonomisk forsvarleg med olatbruk eller dataregistrering.

Dersom det vert meir sannsynleg at ”svinnet” er høgare enn antatt, vil registreringsspørsmålet bli teke opp att.

## **12. Utstyr for ”knusing” av treverk og for nedmaling av møblar og liknande som skal til energigjenvinning frå 2009.**

SUM har så langt leigt inn verksemder med utstyr som ”knuser” treverket som vert brukt som strø i komposteringsprosessen.

Dersom ein kjem til at meir restavfall må ”kvernast” for å få opp eigenvekta for å effektivisere av transporten, kan det bli aktuelt å kjøpe kvern fordi prosessane må gå meir kontinuerleg. Dette vert teke opp i anbodsmaterialet som ”vestlandssamarbeidet” utarbeider og sender ut januar - februar 2009.

## **13. Mannskap**

Det er påreknleg at auka ”internbehandling” før vidareending av avfall, vil auke arbeidsmengdene på anlegget. Deponi-aktivitetane vil venteleg avta, men det er tvilsamt om dette i tilstrekkeleg grad kompenserer for auken. SUM er open for å auke arbeidsstokken i 2009

## **14. Særskilte problemstillingar; Manglande avfallsløysingar for næringsdrivande – Regelstridig levering til returpunkt og hyttecontainerar**

Etter endringa i Forurensingslova i 2004, der FORBRUKSAVFALL vart HUSHALDNINGSAVFALL, opna det seg moglegheiter for dei som tidlegare vart tvungent tilknytte den interkommunale renovasjonsordninga til å finne sine egne avfallsløysingar. Dette gjeld til dømes butikkar, utleigeeiningar og andre typar mindre driftseiningar.

Føresetnaden er at dei som vart ”fritekne” for monopol-tilknyttinga skulle skaffe andre og lovlege løysingar.

I samband med at mange av dei tidlege felles hyttedunkane vert bytta ut med containerar med mindre innkastopning, er det oppdaga at der finst ein del einingar som venteleg ikkje har renovasjonsordning. Døme på dette:

- Ein person har kjøpt hytter for utleige-drift, dei som bur der leverer til SUM hyttecontainer utan at det er betalt renovasjonsgebyr
- Døme på at butikkar brukar SUMs hyttecontainerar enten som supplement ved for lite eige volum eller fordi dei manglar renovasjonsordning.

I begge høve representerer dette ulovleg avfallshandtering. Det er kommunane som forurensingsmyndigheit som skal ta tak i dei ulovlege handlingane og sørge for at dei næringsdrivande føl lover og forskrifter. Det synest som nokre grove tilfelle er oppdaga, her bør dei ansvarlege politimeldast.

**SUM har varsla om problemstillinga, og ventar at kommunane ryddar opp!**

## 15. SUM ønskjer samarbeid og kan tilby løysingar når andre avfallsaktørar ønskjer det

Opp gjennom åra har SUM hatt god kontakt med dei fleste av granneselskapa. Det har vore gjennomført felles utgreingar, erfaringsutveksling skjer ofte. Det har også vore kjørt felles anbudsrunder for å få opp interessa for å rekne; Kvar for oss vert vi små.

Kvar for seg vert selskapa og kommunane i Sogn og Fjordane små, samarbeid og samhandling må til for å sikre abonnentane og næringslivet forsvarlege avfallsløysingar.

I Sogn og Fjordane – som i fleire andre fylke – er kamp for eigne område viktig. I kjerna av denne problemstillinga ligg gjerne lite folketal / grisgrent busetnad og sterkt behov og kamp for å sikre drifta og busetninga for dei få. Kamp for tilrettelegging av arbeidsplassar – eksisterande og nye – er viktig.

Sjølvsagt er arbeidsplassane viktige også for Sunnfjord Miljøverk. Selskapets haldning er at arbeidsplassane kjem på plass fordi ein får noko til, ikkje fordi det vert vedteke aktivitetssauke.

Sjølv om SUM kunne tenkje seg meir fag-samarbeid i naturleg og nærliggande distrikt, har selskapet valt å ikkje fokusere dette; SUM stiller opp når det er aktuelt.

SUMs **personale** (gjernge kopla mot gode, faglege nettverk) og **utbyggingar** (gjennomført og planlagt) gir moglegheit for å kunne tilby avfallsløysingar for både offentleg og privat verksemd; På planlegging og gjennomføring.

I dette ligg også at SUM, dersom eigarar og samarbeidspartnarar ønskjer det, kan styrke internkompetansen innan definerte område.

## 16. Informasjon

Flygeblad ”SUM-info” vert spreidd til alle innbygarar nokre gonger pr år. Hovudutsendinga går før påske, også adressert til hytteeigarar med bustadadresse utanom SUM-kommunane.

Media vert brukt aktivt, gjennom kjøpt annonseplass og redaksjonelt stoff – reportasjar.

I 2008 kom ny ordning med SUM-sekk på plass; Abonnentane kan kjøpe særskilt sekk med SUM-påskrift (påtrykt informasjon) når dei ein dei av og til har meir avfall enn normaldunken rommer. Denne volumkompensasjonen kan vere god å ha når noko særskilt skjer i heimen og i samband med at SUM ikkje tømmer overfylte dunkar. Informert i SUM-info og annonser + redaksjonelt.

## 17. Opplæring - kompetanseheving

For å sikre personleg kompetanseauke, brukar SUM mange kanalar og metodar:

- Bevisst bruk av matpausar til å informere om smått og stort, opa haldning leiing/tilsette
- Kjøp av kurs – opplæring ekstern. Døme: Førstehjeps kurs for alle gjennomført 2008
- Deltaking på ei rekke seminar og konferansar
- Aktiv deltaking i organsiasjonane KS Bedrift, Norsk Forening for Farleg Avfall, Avfal Norge
- Besøk i andre selskap

Eit av dei viktigaste opplæringselementa er meiningsutvekslinga mellom tilsette kombinert med bruk av internett; Gjennom aktiv inkluderingsprosess – også gjennom formelle internmøter - hentar dei tilsette idear og gir gode innspel til opplæring og praktisk drift.

## 18. Styrets vurdering – oppsummering

FNs klimapanel og andre kompetente organisasjonar og enkeltpersonar varslar at alle må arbeide for å redusere ressursbruk og dermed klimautslepp. Førre var prinsippet må gjelde.

SUM legg stor vekt på å finne dei rette avfallsløysingane, og legg stor vekt på å finne gjenvinningsløysingar der dette er miljømessig og kostnadmessig rett, jamfør Forurensingslovas føringar.

Statistikkane viser at om lag 95% av alt hushaldningsavfall går til gjenvinningsanlegg; Enten som energi eller til bruk som nytt materiale.

Statistikkane viser at innsamling av farleg avfall gir godt resultat, med relativt høgt tal i kg pr innbygar; SUM toler godt å bli samanlikna med andre selskap.

Det enkelte avfallsselskap har lite eller ingen styring på kor mykje avfall den enkelte produserer, sjølv om ”smådrypp” i informasjon og debattsamanhengar kan pirke i samvitet.

SUM bidreg ved å planlegge praktiske og helst fleksible løysingar.

Omlastings- og sorteringshallen som var ferdig i 2006 er døme på at ein enkel bygningskonstruksjon er ein god "fleirbrukshall", der bruksområdet kan justerast når løysingane endrar seg.

Praktisk tankegang låg også i botnen då SUM for nokre år sidan skifta ut dei utslitne glasfiber-igloane med vanlege stålcontainerar. Dermed kunne ordinær komprimatorbil brukast under drikkeglasinnsamlinga; Lastebilen med tung påmontert kran kunne kuttast ut / drivstoff (= energi) spart..

SUM er aktiv medlem i KS Bedrift (KSB) og "avleggaren" KS Bedrift Avfall. Gjennom KS-systemet ligg der moglegeheit for direkte og formalisert myndigheitskontakt. Tanken er at praktisk og løysingsorientert innsikt kanalisert og formulert på rett måte, skal påverke myndigheitsorgan.

Også medlemskapet i bransjeorganisasjonen Avfall Norge (AN) gir moglegeheit for påverknad.

Medlemskapet i desse organsiasjonane gir også stor moglegeheit for å hente kunnskap og kompetanse.

SUMs drift går godt. Arbeidsstokken forstår arbeidsoppgåvene og er aktive med meiningar og innspel når nye tema kjem opp; Ein dyktig gjeng!

Styret i SUM samarbeider godt, og tar gjerne tak i høve eigarkommunane når det synest rett at kontakta skjer på det planet.

Styret har også som målsetjing å delta i ymse samanhengar utanfor eige område. I 2008 vart BIR besøkt i førstninga av året. På hausten vart Stjørdal besøkt, der det var styreseminar for fleire avfallsselskap.

### I høve til Regnskapsloven § 3-3:

Arbeidsmiljøet er godt. SUM er tilslutta bedriftshelseteneste som vert brukt både som rådgjevar og under oppfølging av tilsette.

Sjukefråværet er noko høgt, ca 9%, dette skuldast i hovudsak særskilt tilhøve som ikkje er relatert til SUM som verksemd; Verksemda har fokus på oppfølging av aktuelle tilsette.

Likestillingsspørsmål vert vurdert når tilsetjing er aktuelt. Det har så langt vist seg at svært få kvinner søker utlyste stillingar – bortsett frå administrativt.

Det er 7 tilsette i SUM, herav ei kvinne som er økonomisjef/Nk.

Som årsmeldinga viser, legg SUM stor vekt på miljøomsyn og iverkset tiltak ved behov.

### Punkttoppsummering:

- Godt samarbeid med eigarane
- Kompetanseorgan for eigarane = Abonnentane og kommunane
- Bidrar med avfallsløysingar og kompetanse for næringslivet i regionen
- Oppdatert på dei fleste typar avfallstilhøve enten sjølv eller gjennom gode nettverk
- Nøktern i avfallsarbeidet og sjekkar at løysingane toler å bli granska mot miljømessige og samfunnsøkonomiske kriterier, løysingar basert på populisme skal unngåast
- Kan, gjennom målsetjing og bevisst styring, "spisse" kompetansebygginga ved behov
- Gir eigarane beskjed når ureglementære ting vert oppdaga i høve forurensing, kommunane er forurensingsmyndigheit
- Bidrar til samarbeid utover primærområdet gjennom aktiv bruk av fagnettverk
- Fokus på gjenvinning vurdert mot økonomi og miljø
- Godt grunnlag for framhaldande drift


### Styret i Sunnfjord Miljøverk IKS

 Henrik Lunde, leiar	 Turid Vallestad	 Gerd Dvergsdal, nestleiar
 Amund Soltveit	 Erling Hjelle	 Harald Kvame
 Bjørn Harald Haugsvær	 Aud Kari Steinsland	

## 19. Statistikk


### Plassert på Hesjedalen avfallsplass/ deponiet frå opning 01.06.97. Tonn

	1997 tonn	1998 tonn	1999 tonn	2000 tonn	2001 tonn	2002 tonn	2003 tonn	2004 tonn	2005 tonn	2006 tonn	2007 tonn	2008 tonn	Tot depon. tonn	Tot treverk - slam	Deponert+ trev.slam tonn
Næringsavf	3 242	6 240	3 889	5 559	8 423	7 215	7 648	6 077	6 147	5 705	4 283	9 605			
Hushaldnings- -avf	3 898	6 951	6 269	6 442	6 751	7 159	6 694	809	625	438	921	545			
<b>Deponert avfall</b>	7 140	13191	10158	12001	15174	14374	14342	6886	6 772	6143	5 204	10 150	<b>121535</b>		
Treverk / slam	0	0	2 119	2 804	3 459	4 213	3 299	3610	3 859	3687	4 203	5 833		37086	
Deponert avfall samt treverk-slam	7 140	13191	12277	14805	18633	18587	17641	10496	10631	9830	9 407	15983			158621




## Farleg avfall container, PCB-vindu, batteri og CCA-impregnert 2000 – 2008. Tonn

År	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Samla tonnasje	13	14	14	54	107	131	158	138	193
Mellomlagra								34	5



## Tonn innhenta farleg avfall i SUM systemet, eks blybatteri


	år 2005	år 2006	år 2007	år 2008
Farleg avfall generelt	42,6	45,8	61,1	63,1
CCA-impregnert	61,6	79,8	36,2	67,4
PCB-vindu	10,0	6,1	9,1	18,1
Sum tonn	114,2	131,7	106,5	148,6
Kg pr innbygger	4,2	4,8	3,9	5,4



Grunnen til at farleg avfall er fordelt på 2 framstillingar, ligg i at blybatteri synest å ikkje inngå i SSBs rapportering


## Emballasje/drikkeglas og metallboksar: Innsamla i SUM kommunane. Tonn

År	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Innsamla i kommunane	118	118	133	142	144	174	183	148	205	194	236




**Papir: Innsamla i SUM kommunane.**


Papir	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
År	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Innsamla i kommunane	1082	1167	1144	1157	1141	1204	1303	1447	1543	1647	1766

**Restavfall renovasjonsbilane innsamla av Retura Vest/RenoNorge – RenoNorden**

	2004	2005	2006	2007	2008
Antal innvegingar	1113	1113	1122	1129	1205
Tonn	6256	6477	6588	6711	6739
Tonnasjeuke frå førre år, %		3,53	1,71	1,87	0,42

**Utveging energigjennvinningsvarer 2003 - 2008, tonn**

	år 2003	år 2004	år 2005	år 2006	år 2007	år 2008
Hushald	519	5515	6002	6163	5945	6036
Næring	35	1225	1980	2146	2364	2316
Sum	554	6740	7982	8309	8309	8352

**Tonnasje og antal vegingar innom SUM-vekta 2003 -2008**

	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Antall innvegingar	11 369	12 454	14 240	15 269	16 663	18 276
Tonn	18 712	26 144	28 415	29 048	34 051	38 964

**Hushaldningsavfall, gjenvinning 2008; 95%:**

TOT INNVEGING, tonn	11 471
MINUS UTVEG. TIL GJENVINNING, tonn	10 926
DEPONERT, tonn	545
GJENVINNING	95 %

## **Del II**

**Årsrekneskap 2008, balanse 31.12.08, økonomiplan 2009-2012**

## Kommentarar til rekneskapen for 2008

### Inntekter

Auken i renovasjonsinntekt skuldast to høve

- vekst i Førde

- administrasjonsgebyret for kommunane er sett ned med kr 15,- pr dunksett som ein følge av at renovatør (RenoNorden) har overtatt ansvaret med distribusjon og utskifting av dunkar.

Inntekter næringsavfall aukar med to mill. Her utgjer sandblåsesand den største posten, med ein auke på over ein million.

Metallprisane var svært høge i midten av 2008, gode inntekter ved sal til gjenvinning.

### Kostnader

Kostnader administrasjon om lag som budsjett.

**Drift avfalls plass:** her vart fliskutting våren 2008 billegare enn budsjettet i tillegg til at nye maskiner gir lågare vedlikehaldskostnader enn tidlegare.

**Transport renovasjonsbil.** Kostnadene auka med ein million kroner ved inngongen til 2008 (ny kontrakt).

**Transport til energigjenvinning.** Same tonnasje utkøyrte som året før, både for næring og abonnent.

**Transport slam.** Kostnadsauke på slammet i høve til budsjettet henger saman med auken i inntekt, og kjem av ekstratømingar.

**Gjenvinningsstasjonar.** Same tal på innkøyrte containerar frå gjenvinningsstasjonane som året før. Auke i innsamla mengde farleg avfall. Innkjøpt nye containerar til Einestølen.

**Slutthandsamingsavgift.** Vi svarer slutthandsamingsavgift for avfallet vi deponerer i Hesjedalen. I 2007: 5600 tonn. I 2008 deponerte vi 5000 tonn.

**Avsett til etterdrift.** Rekneskapsmessig avsetjing.

**Renter.** Inntektene gjekk opp som følge av høgere rente på innskott enn forventa, utgiftene gjekk ned som følge av at SUMs restgjeld til Kommunalbanken vart innbetalt i mars 2008.

**Avskrivningar.** Som budsjettert.

Ved avvikling av Retura Fjordane AS vart overskotet ved avviklingstidspunktet fordelt etter aksjar, der SUM hadde ein andel på 51 %.

## Resultat 2008 mot budsjett og fjorårets resultat

	Resultat 2007	Budsjett 2008	Resultat 2008
<b>INNETEKTER</b>			
Renovasjonsinntekt	-19 769 515	-19 700 000	-20 398 818
Inntekt slam	-3 648 003	-3 600 000	-3 776 840
Næringsavfall	-7 572 301	-7 500 000	-9 614 935
Leigeinntekt	-69 000	0	-54 000
Sal til gjenvinning	-1 492 926	-1 400 000	-1 761 093
Andre inntekter	-253 300	0	-6 783
<b>SUM INNETEKTER</b>	<b>-32 805 044</b>	<b>-32 200 000</b>	<b>-35 612 469</b>
<b>KOSTNADER</b>			
Administrasjon	2 260 916	2 400 000	2 526 164
Drift avfallsplass	3 957 346	4 200 000	3 772 210
Transport renovasjonsbil	6 757 423	7 400 000	7 998 406
Transport til energigjenvinning	7 383 340	7 500 000	7 730 210
Transport slam	3 005 342	3 300 000	3 544 963
Transp/beh gjenvinningsstasjonar	1 856 317	1 800 000	2 011 845
Drift gjenvinningsstasjonar	434 380	700 000	922 949
Slutthandsamingsavgift	2 374 419	2 300 000	2 185 400
Avsett til etterdrift	189 449	240 000	185 629
Avskrivningar	2 531 677	2 700 000	2 734 671
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>30 750 607</b>	<b>32 540 000</b>	<b>33 612 446</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-2 054 437</b>	<b>340 000</b>	<b>-2 000 022</b>
<b>FINANS</b>			
Renteinntekter	-351 096	-200 000	-463 508
Renteutgifter	358 702	400 000	76 079
Aksjeutbytte, overskot RF AS v/avvikl	-18 432	0	-338 781
<b>SUM FINANS</b>	<b>-10 826</b>	<b>200 000</b>	<b>-726 210</b>
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-2 065 263</b>	<b>540 000</b>	<b>-2 726 232</b>

## Balanse 31.12.08 med notar

Note		2007	2008
	<b><u>Anleggsmidler:</u></b>		
1	Finansielle anleggsmiddel	725 346	222 163
2	Utstyr, maskiner og transportmiddel	9 782 056	10 209 553
3	Faste eigedommar og anlegg	28 229 305	27 285 399
	<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>38 736 707</b>	<b>37 717 115</b>
	<b><u>Omløpsmidlar:</u></b>		
	Kasse, bank, postgiro	9 187 710	7 805 330
	Utestående krav	2 140 327	3 476 151
	<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>11 328 037</b>	<b>11 281 481</b>
	<b><u>SUM EIGENDELAR</u></b>	<b><u>50 064 744</u></b>	<b><u>48 998 596</u></b>
	<b><u>Eigenkapital:</u></b>		
	Interessekapital	100 000	100 000
4	Sjølkostfond	440 716	1 959 389
4	Fri egenkapital	2 239 253	2 785 844
4	Resultat til fordeling	2 065 263	2 726 232
	Anna eigenkapital	35 387 294	35 387 294
	<b>Sum eigenkapital</b>	<b>40 232 526</b>	<b>42 958 759</b>
5	Langsiktig lånegjeld	5 500 000	
	<b>Sum langsiktig gjeld:</b>	<b>5 500 000</b>	<b>-</b>
	Leverandørgjeld	2 549 475	3 923 988
6	Avsett etterdriftsfond	589 490	775 119
7	Avsett til AfP	54 739	92 532
	Skattetrekk, mva, arb.gj.avgift og feriep.	1 041 042	1 036 847
	Påløpte kostnader		211 351
5	Påløpt renter	97 472	-
	<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>4 332 218</b>	<b>6 039 837</b>
	<b>Sum gjeld</b>	<b>9 832 218</b>	<b>6 039 837</b>
	<b><u>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</u></b>	<b><u>50 064 744</u></b>	<b><u>48 998 596</u></b>

## Styret i Sunnfjord Miljøverk IKS

 Henrik Lunde, leiar	 Turid Vallestad	 Gerd Dvergsdal, nestleiar
 Amund Soltveit	 Erling Hjelle	 Harald Kvame
 Bjørn Harald Haugsvær	 Aud Kari Steinsland	

**Notar****Note 1 Finansielle anleggsmiddel**

Finansielle anleggsmiddel	Kjøp /innskot	Avskrivning/sal
Finansielle anleggsmiddel 31.12.07	725 346	
Derav Aksjar Rekom 53.297,-		
Derav Aksjar Retura AS 102.000,-		
Derav Aksjar Retura Fjordane AS 510.000,-		510 000
Derav Eigenkapitalinnskot i KLP 60.049,-	6 818	
Finansielle anleggsmiddel 31.12.08		222 164

**Note 2 Maskiner og utstyr**

Maskiner og utstyr, avskrivingsrate 10 %	Kjøp	Avskrivning/sal
Maskiner og utstyr 31.12.07	9 782 056	
Avskrivningar, kompaktor. Innkjøp: 2.130.000		149 100
Avskrivningar, behaldarar (tidl 15 år) Innkjøp: 4.017.823		116 196
Avskrivningar, gjenbruksst. (tidl 15 år) Innkjøp: 1.795.650		89 460
Avskrivningar, miljøstasjonar (tidl 15 år) Innkjøp: 421.405		19 292
Avskrivningar, gravemaskin. Innkjøp: 931.500		18 632
Gjenvinningsstasj Hyllestad 2006: 1.935.174,-		96 760
Gjenvinningsstasjon Askvoll 2008: 1.544.620,-	1 544 620	
Containerar til gjenv stasjonar 2006: 550.000,-		50 064
Truck kjøpt 2003. Innkjøp 249.500,-		19 960
Deponigassanlegg, inv. 2004 .1.644.183,-		147 976
Sorteringsmaskin kjøpt 2006: Kjøp 1.295.000		129 500
Glascontainerar kjøpt 2006: 540.610,-		71 076
24 hyttecontainerar: 2007: 436.700,-		54 588
Varebil 2007: 230.990,-		28 872
Hjullastar kjøpt 2007: 1.256.485,-		125 647
Aktivering / avskrivning	1 544 620	1 117 123
Maskiner og utstyr 31.12.08		10 209 553

**Note 3 Eigedom og anlegg**

Eigedom og anlegg, sats 5 %	Kjøp	Avskrivning/sal
Eigedom og anlegg 31.12.07	28 229 305	
Avskrivningar, Hesjedalen (tidl 15 år) Investering: 51.723.725,-		1 274 452
Omlastingstasjon 2006: Innkjøp 6.299.095		314 956
Lagerplass metallskrap 2006: Kjøp: 610.009		30 500
2008/2009 Komposteringsanlegg inkl skogsveg	674 001	
2009 Renseanlegg sigevatn	2 000	
Aktivering / avskrivning	676 001	1 619 908
Eigedom og anlegg 31.12.08		27 285 398

Til note 2 og 3: Nye investeringar i 2008 har vore finansiert med egne midlar.

**Note 4 sjølvkostfond og fri egenkapital, avsetjing og bruk.**

Avsetjing til sjølvkostfond	Tidlegare avsett	Avsetjing/bruk 2007
Sjølvkostfond 31.12.07		
fordelt på sjølvkostfond abonnentar og fri egenkapital	1.959.388 2.785.843	
Avsett totalt 2008		2 726.232
Derav fond gebyrfinansierte tenester		590 072
Derav fond generert frå næring		2 136 160
Finansiering av investeringar ved bruk av fond <ul style="list-style-type: none"> <li>- Abonnentar /gebyrfinan. tenester</li> <li>- Næring / fri egenkapital</li> </ul>		
Sjølvkostfond 31.12.08		2 549 460
Fri egenkapital 31.12.08		4 922 003

**Note 5 Langsiktig lånegjeld**

Sunnfjord Miljøverk betalte rest av langsiktig lånegjeld 10. mars 2008.

I tillegg til at renteutgiftene sank i høve til budsjettet, er det ingen påløpne renteutgifter pr 31.12.08

Lånegjeld	Inngående bal	Nedbetalt/utg
Lånegjeld Kommunalbanken 31.12.08	5.500.000	
Nedbetaling i 2008		5.500.000
Lånegjeld pr 31.12.08		0

**Note 6 Avsett til etterdriftsfond**

SUM er organisert etter lov om IKS. For å oppfylle

- a) Avfallsforskriften § 9.10 om finansiell garanti og kostnadsdekning og
  - b) Veileidar for etterdriftsfond frå SFT
- må vi setje av rekneskapsmessig til etterdrift.

Vi vil behandle denne gjelda på same måte som vi anna gjeld kommunane våre garanterer for, og fører dette som langsiktig gjeld. For 2008 avsett for 5.017 tonn a kr 37,-.

**Note 7 Avsett til AFP:**

Sunnfjord Miljøverk har reservert seg mot den siste ordninga i Kommunal Landspensjonskasse, AFP 62-64 år.

Dette medfører at vi årlig set av eit beløp etter KLPs eige estimat ( for 2008 lik 1,05 % av brutto lønskostnader).

**Budsjett 2009.**

	<b>Resultat 2008</b>	<b>Budsjett 2009</b>
<b>INNETEKTER</b>		
Renovasjonsinntekt	-20 398 818	-22 400 000
Inntekt slam	-3 776 840	-4 000 000
Næringsavfall	-9 614 935	-8 000 000
Leigeinntekt	-54 000	-40 000
Sal til gjenvinning	-1 761 093	-1 500 000
Andre inntekter	-6 783	-
<b>SUM INNETEKTER</b>	<b>-35 612 469</b>	<b>-35 940 000</b>
<b>KOSTNADER</b>		
Administrasjon	2 506 164	2 500 000
Drift avfallsplass	3 690 592	3 970 000
Transport renovasjonsbil	7 998 406	8 550 000
Transport til energigjenvinning	7 730 210	11 080 000
Transport slam	3 544 963	3 400 000
Transp/beh gjenvinningsstasjonar	2 011 845	2 110 000
Drift gjenvinningsstasjonar	922 949	640 000
Slutthandsamingsavgift	2 185 400	1 150 000
Avsett til etterdrift	185 629	100 000
Avskrivningar	2 734 671	3 300 000
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>33 510 829</b>	<b>36 800 000</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-2 101 640</b>	<b>860 000</b>
<b>FINANS</b>		
Renteinntekter	-463 508	-350 000,00
Renteutgifter	76 079	160 000,00
Aksjeutbytte, overskot RF AS v/avvikl	-338 781	-20 000,00
<b>SUM FINANS</b>	<b>-726 210</b>	<b>-210 000</b>
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-2 827 850</b>	<b>650 000</b>

Budsjettet for 2009 er vedteke i representantskapets budsjettmøte 21. november 2008.

Budsjettet er utarbeidd med basis i Styrets strateginotat datert 29. august 2008 ( drift og investering), samt styresak 19/08 der styret la fram forslag om 9 % gebyrauke for renovasjon og slam.

Ein gebyrauke i renovasjon og slam på 9 % vil gi ein inntektsauke på 2,4 mill.

**Justering av kostnader:** Adm og driftskostnader indeksregulert med berkna årslønsvekst 2007-2008 frå KS Bedrift, kring 6 %.

Alle transportkostnader justert med 80 % av SSB sin totalindeks for lastebiltransport ”Renovasjonsbil, 2-aksla bil” (tal januar - august 2008 nytta): dette gir ein inflasjon i transportkostnader på om lag 5 % årleg.

Frå 1. juli 2009 skal alt organisk som i dag vert deponert bli sendt til energigjenvinning.

Dette vil halvere slutthandsamingsavgifta for 2009. Vi deponerer stadig mindre, og har derfor kun halvert talet for prognosen frå 2008 utan å indeksregulere dette.

**Prisauken ved utskiljing av alt organisk frå 1.juli er berekna slik:**

Avskrivning ½ år maskin til knusing, pris 3 mill, avskrivningstid 10 år :	150.000,-
Ein ekstra tilsett ute med auka aktivitet frå 1. juli 2008:	300.000,-
I 2008 betaler vi kr 925,- for transport og gjenvinning av 1 tonn avfall.	
<u>Transport til energigjenvinning 2.500,- tonn a kr 1.100,- (antatt auke transportkostn)</u>	<u>:2.750.000,-</u>
Antatt auke kostnader ved utsortering av alt organisk 6 mnd:	:3.200.000,-
(med innsparing i slutthandsamingsavgift gir dette ein netto kostnadsauke lik 4,1 mill pr år)	

Kostnadene over er lagt inn på hhv avskrivningar, drift og transport til energigjenvinning i budsjetter for 2009.

**Avskrivningar 2009:**

SUM har forskjellig avskrivningstakt for investeringane, der ei endring gjeld frå 01.01.2005 Argumentasjonen for dette ligg i styrets årsmelding for 2005, og stammar frå omlegging av rekneskapen frå å vere ført etter kommunale rekneskapsprinsipp til å vere ført etter rekneskapslova (Omlegging til IKS).

Som ein følge av dette aukar dei årlege avskrivningane kvart år med nye investeringar heilt fram til år 2015 (10 år frå omlegging).

**Avskrivingskostnadene i 2009:**

Investeringar gjort før 01.01.2005, årleg avskreve i perioden 2005-2015:	1 835 000
Investert i perioden 2005-2007, avskrivningar i 2009:	902 000
Nye investeringar:	
Rensing av sigevatn 5,5 mill, antar avskrivning frå år 2010.	
Maskin til knusing (nemnt over): kr 3 mill (10 år)	300 000
<u>Flytting av komposteringsflate inkl skogsveg, 2,5 mill (10 år)</u>	<u>250 000</u>
Totale avskrivingskostnader 2009	3 300 000

## Økonomiplan 2009-2012

Økonomiplanen har følgjande oppbygging:

1. Generelle rammevilkår
2. Investeringar og finansiering
3. Renter og avdrag
4. Driftsbudsjett 2009-2012

### 1. Generelle rammevilkår

Rammevilkår				
	2007	2008	2009	2010
Lønsvekst	4 %			
Prisvekst	4 %			
Rentenivået på lån	5 %			
Avdragstida på lån	15 år			

Prisvekst: Transportprisane utgjer 60 % av kostnadene ved SUM, indeks for lastebiltransport nytta.  
Rentenivået på lån. Pr 01.01.08 hadde SUM eit lån i Kommunalbanken på kr 5.500.000 med bunden rente. Dette er innløyst i mars 2008.

### 2. Investeringar og finansiering

Følgjande investeringar er lagt inn i planen

	2009	2010	2011	2012	SUM
Investeringar (heile 1000 kroner)					
Kjøp av containerar, supplering dunkar	600	600	600	600	2 400
Ny gjenvinningsstasjon Askvoll (starta 2008, rest)	1 000				1 000
Ny gjenvinningsstasjon Jølster	2 000				2 000
Ny gjenvinningsstasjon Fjaler		2 000			2 000
Ny / justering gjenvinningsstasjon Gaular			2 000		2 000
Komposteringsflate, sivevassrensing	8 000				8 000
Maskin til knusing	3 000				3 000
Resipientgransking i Førdefjorden		500			500
Bygnings- og anleggsmessige justeringar Einestølen	500	200	200	200	1 100
Sum investeringar	15 100	3 300	2 800	800	22 000

#### Kjøp av containerar.

Reparasjon og nykjøp av containerar skjer kontinuerlig, og vert normalt behandla over driftsbudsjettet.

#### Gjenvinningsstasjon Askvoll (ferdig jan 09 eks asfaltering), Jølster og Fjaler

Vi held fram med opprusting av våre gjenvinningsstasjonar, og vil bygge ny i Jølster og Fjaler i løpet av nær framtid.

#### Komposteringsflate og sivevassrensing.

Forbod mot kompostering på toppen av deponiet gjer det naudsynt med eigna komposteringsflate, justeringar av plassbruk kjem som følgje av dette. Mellom anna har vi bygt ny skogsveg til grunneigar samt flytta rubhallen. Bygging av sivevassrenseanlegg er under prosjektering., ref krav i Fylkesmannens driftsløyve, fullføring i løpet av 2009.

#### Maskin til knusing.

Til bruk for å knuse/male opp avfall som skal til energigjenvinning for å auke eigenvekta og sikre fulle bilar. Om mogleg også brukast til knusing av treverk som ”strø” i kompostering. Det er ikkje teke endeleg stilling til om investeringa vert gjort; Behov og driftsøkonomi vert avgjerande

**Resipientgransking i Førdefjorden.** Var tidlegare planlagt til 2009, mykje tyder på ”flytting” til 2010.

**Bygnings- og anleggsmessige justeringar:** Auke i talet på besøkande og auke i talet på fraksjonar, krev meir plass. Anleggsmessige justeringar.

Adm.bygget var planlagt justert 2008, utsett til 2009. For liten kontor plass og matrom. Også bruk av mezzanindekket i driftsbygningen til møterom kan bli tatt opp att (vart planlagt i 2006 då omlastingshall vart bygt). Ved behov vert noverande møterom omgjort til kontorarbeidsplass.

Det må generelt påreknast årleg investeringsbehov dei neste åra

### Finansiering:

Det vert behov for nytt låneopptak for å finansiere investeringane i løpet av sommarhalvåret 2009.

### 3. Renter og avdrag

Renter og avdrag (tal i heile 1000)	2009	2010	2011	2012
Lånesterleik ved inngang av året	0	7 500	7 000	6 500
Låneopptak til investeringar	8000	0	0	0
Avdrag	500	500	500	500
Lånesterleik ved utgang av året	7 500	7 000	6 500	6 000
Renter	375	350	325	300
Renteinntekt	-350	-350	-350	-350
Netto rentekostnad	25	0	-25	-50

#### 4. Driftsbudsjett 2009-2012

På kostnadssida løper normal inflasjon, og vi vidarefører trenden der vi i tråd med nasjonale mål reduserer avfall til deponi og aukar gjenvunne avfall ( både på energi- og materialsida). Som følge av forbod mot deponering av alt organisk avfall frå 1. juli 2009<sup>1</sup> får vi ein kraftig auke i kostnadene med transport til energigjenvinning.

Renovasjonsgebyret for SUMs abonnentar vart ved inngongen til 2008 justert opp med 9 %. I dette driftsbudsjettet er dette holdt fast i dei neste fire åra.

I driftsbudsjettet under ser vi at med dei momenta vi har føreset vil vi frå år 2010 ha eit negativt driftsresultat. Der vil på kort sikt være fondsavsetjing både på abonnent- og næringsida til å dekkje inn underskotet.

Tekst (tal i heile 1000)	Bud 2008	Rekn 2008	2009	2010	2011	2012
Administrasjon	2 400	2 526	2 500	2 625	2 750	2 890
Avfallsplass	4 200	3 773	3 970	4 170	4 380	4 600
Transportutgifter hushaldningsavfall	7 400	7 998	8 550	8 900	9 250	9 620
Transport til energigjenvinning	7 500	7 730	11 080	11 520	11 980	12 460
Transport slam	3 300	3 545	3 400	3 540	3 680	3 830
Gjenvinning	2 500	2 935	2 750	2 860	2 970	3 090
Slutthandsamingsavgift	2 300	2 185	1 150	1 200	1 250	1 300
Avsett til etterdrift	240	186	100	104	108	112
Avskrivningar	2 700	2 734	3 300	3 430	3 570	3 710
<b>Driftskostnad</b>	<b>32 540</b>	<b>33 612</b>	<b>36 800</b>	<b>38 349</b>	<b>39 939</b>	<b>41 612</b>
Inntekter hushaldningar	-19 700	-20 399	-22 400	-22 400	-22 400	-22 400
Inntekter slam	-3 600	-3 777	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
Inntekter næringsavfall	-7 500	-9 615	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
Gjenvinning	-1 400	-1 762	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Andre inntekter	0	-59	-40	-40	-40	-40
<b>Driftsinntekt</b>	<b>-32 200</b>	<b>-35 612</b>	<b>-35 940</b>	<b>-35 940</b>	<b>-35 940</b>	<b>-35 940</b>
Brutto driftsresultat	340	-2 000	860	2 409	3 999	5 672
Renter	200	-726	-210	300	300	300
Netto driftsresultat	540	-2 726	650	2 709	4 299	5 972
Avsetjing til sjølvkostfond og fri eigenkapital	540	-2 726	650	2 709	4 299	1 800
Bruk av sjølvkostfond	0	0	0	0	0	0
<b>Akumulerte fondsmidlar</b>	<b>-2 680</b>	<b>-7 573</b>	<b>-6 923</b>	<b>-4 214</b>	<b>84</b>	<b>6 057</b>

<sup>1</sup> Det er uvisst om det vil bli søkt om bruk av overgangsordning / vidare deponering av enkeltfraksjonar i noko lengre tid, jf. SFTs rettleiar, i tilfelle kan dette komme driftsbudsjettet til gode

## Del III Revisjonsmelding

### KRYSS-REVISJON

#### Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

Kommunane Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund  
 Hovudkontor: Førde kommune, Hafstadvegen 21, 3.etg., 6800 Førde – Bank: 3705.08.27845, Org. nr. 987 608 064  
 Dagleg leiar/Revisjonssjef Terje Førde, Priv.Adr.:6737 Alfoten – tlf. 57792035, mobil: 99229227; e-post: kryssrev@hotmail.com  
 Postboks 487, 6801 Førde – tlf. 57 82 48 01, 57 75 60 97, 57 78 85 47; e-post: KRYSS@forde.kommune.no

Til representantskapen i  
 Sunnfjord Miljøverk IKS

Dykkar ref:	Vår ref:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
Rek.311208	rev.meld.08	210&14	2009/05	24.02.2009

#### REVISJONSMELDING FOR 2008

Vi har revidert årsrekneskapen for Sunnfjord Miljøverk IKS for rekneskapsåret 2008, som syner eit overskot på kr 2.726.232,-. Vi har og revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetning for fortsatt drift og forslag til anvending av overskotet. Årsrekneskapen består av resultatrekneskap, balanse, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar. Rekneskapslova sine reglar, tilleggsbestemmelser i lov om interkommunale selskap med tilhøyrande rekneskapsbestemmelser i forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk i Norge, er lagt til grunn ved utarbeiding av årsrekneskapen. Årsrekneskap og årsmelding er avlagt av styret. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i medhald til krav i lov om interkommunale selskap.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen for å oppnå tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalgte deler av materialet som underbyggjer informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsipp og vesentlege rekneskapsestimat, samt vurdering av innhald i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon og ein gjennomgang av selskapet sin formuesforvaltning og rekneskaps og internkontrollsystem. Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

#### Vi meiner at

- ◆ Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrift og gjev eit korrekt bilde av selskapet si økonomiske stilling 31.desember 2008 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Norge.
- ◆ Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentlig og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.
- ◆ Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetning om fortsatt drift og forslag til anvending av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Førde, 24. februar 2009

*Kari Sygna et.*  
 Kari Sygna

Kommunerevisor I

**KRYSS-REVISJON**  
**Kommunerevisjonen**

Regionskontor  
 Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
 Tlf. 57 75 60 97, fax 57 75 68 71  
 E-post: [revisjon@flora.kommune.no](mailto:revisjon@flora.kommune.no)

Hovudkontor / Regionskontor  
 Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde  
 Postboks 487, 6801 Førde  
 Tlf. 57 82 48 01, E-post: [kryss@forde.kommune.no](mailto:kryss@forde.kommune.no)

Regionskontor:  
 Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
 Tlf. 57 78 85 47  
 E-post: [kryss@forde.kommune.no](mailto:kryss@forde.kommune.no)